

# KUNSTPLAN FOR BYBANEN

## Overordna plan. Mål og strategi.

- 1. INNLEIING**
- 2. MANDAT**
- 3. BYBANEN**
- 4. KONTEKST**
  - BYUTVIKLING
  - TRASEEN FRÅ BERGEN SENTRUM TIL FYLLINGSDALEN
- 5. BRUKARAR OG PUBLIKUM**
- 6. KUNSTKOMITEENS VURDERINGAR OG VAL**
  - KONKRETISERINGAR
  - METODE FOR VAL AV KUNSTNARAR
  - AKTUELLE OMRÅDE
    - FYLLINGSDALEN
    - KRISTIANBORG
    - HAUKELAND
    - ANDRE
- 7. MILJØ OG SAMFUNNSANSVAR**
- 8. FORMIDLING**
- 9. EIGARSKAP OG FORVALTNING**
- 10. KUNSTKOMITEEN**

### **1. INNLEIING**

Bybanen skal både vere ryggrada i Bergens kollektive transportsystem og premissgjevar i utviklinga og fortettinga i Bergen. I 2017 opna Bybanen til Bergen Lufthamn, Flesland og traséen til Fyllingsdalen, linje 2, blei vedteke. Bybanen er reiskap for å utvikla ein kompakt by med gode bu- og livskvalitetar, aktive nærmiljø og ei klimavenleg framtid. Den gjer at dei reisande lettare enn før kan nytta gang-, sykkel- og kollektivtransport.

Bybanen er ledd i Byvekstavtalen, som skal sikra ein klimavenleg utvikling av veg- og transportnettett i byen. Byvekstavtalen er eit samarbeid mellom Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Det tidligare Bergensprogrammet er tatt opp i denne. Prosjekta i Byvekstavtalen skal finansierast med statlege midlar, fylkeskommunale midlar og bompengar.

I samband med Bybanen kjem ikkje berre haldeplassar, nye byrom og trasé, men og ny kunst. Bybanen sitt kunstprogram er og finansiert gjennom Byvekstavtalen. Til linje 1 frå Bergen sentrum til

Bergen Lufthamn Flesland, er det gjennomført i alt 10 kunstprosjekt i perioden 2010-2017: elektroniske verk, veggmåleri og skulptur.

Til linje 2, frå Bergen sentrum til Fyllingsdalen, er det sett av kr 5 mill. til kunst. Etter søknad har det statlege organet KORO i tillegg gitt kr 1 million til prosjektet. Det kan og være aktuelt å søke midlar hos andre. Ein kunstkomité med brei representasjon starta sitt arbeid i juni 2017. Kunstprosjektet skal vere avslutta ved årsskiftet 2021/2022.

## 2. MANDAT

Hordaland fylkeskommune ser kunst til Bybanen som særskilt viktig, noko som er stadfestat i vedtak i Fylkesutvalet 18. februar 2009, sak 53/09. Fylkesrådmannen skriv i saksframlegget at han ser det som naturleg at Hordaland fylkeskommune vidarefører ordninga med kunst til bygg til og å gjelda Bybaneutbygginga. Den vedtekne kunstordninga for bygg ligg tett opp til KORO (Kunst i offentlege rom) si ordning. I Kultur- og ressursutvalet 21. august 2012, sak 78/12, vart prinsippa og strukturen for arbeidet meir utpensla. Ein vil at grunnprinsippa i kunstplanen frå byggetrinn 1 og skal gjelda for seinare utbygging. Kunstkomiteane for dei påfølgande byggetrinna skal utvikle dei meir spesifikke delane av planen som gjeld dei nye strekningane og finansiering av desse.

## 3. BYBANEN

Bybanen Utbygging (BU) er ei avdeling i Hordaland fylkeskommune med ansvar for planlegging, design og utbygging av Bybanen. Reguleringsarbeidet som ligg til grunn for utbygginga, vert gjennomført i regi av Planavdelinga i Bergen kommune. Når banen er sett i drift er det Bybanen AS (BBAS) som har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av infrastruktur og rullande materiell, medan Skyss organiserer transporttilbodet. Bybanen AS er eigd av Hordaland fylkeskommune. Skyss er ei eining under Samferdsleavdelinga i Hordaland fylkeskommune.

Linje 1 frå Bergen sentrum til Flesland er bygd i tre byggetrinn, i perioden 2008 til 2017.

Reguleringsplanen for linje 2 (heretter kalla byggetrinn 4), frå Bergen sentrum til Fyllingsdalen, blei vedteke i Bergen bystyre 22. juni 2017. Byggestart vert i 2018. Linja skal takast i bruk i 2022.

Sweco med underleverandørar prosjekterer på oppdrag frå Bybanen Utbygging. Reguleringsplanen legg føringane for arbeidet, i lag med retningslinjer spesifisert i Bybanen Utbygging sin prosjekteringsrettleiar.

## 4. KONTEKST

### BYUTVIKLING

Byggetrinn 1-3 frå Bergen sentrum til Flesland viser allereie no i kor stor grad Bybanen er ein motor for byutvikling. Den har medverka til nye bydelar, nye bustader, nye plasser å dra til og nye plasser å høyre til. Område er knytt saman på ein ny og enkel måte, på tvers av tidligare infrastruktur og geografiske hindringar. Bybanen har hatt verknad på kvardagen i Bergen langt utover det dei fleste forventa, og hadde i 2016 om lag 80 000 reisande dagleg. Men som med all byutvikling medfører Bybanen og endringar som kan vere smertefulle for enkeltpersonar. Bustadeigarar kan kjenne seg pressa av oppkjøparar som ønsker å utvikle område rundt Bybanen til større bustadkompleks.

Bustader må løysast inn for å få banen fram, og ein gamal og mykje brukt parsellhage må gravast opp og deretter etablerast på nytt. Mange tre må fellast. Byen, landskapet og dei sosiale strukturane

endrast både på godt og på vondt. Denne erkjenninga er viktig for kunstkomiteen til Bybanen, og vil ligge til grunn for prosessen vidare. Under er ei beskriving av dei ulike delstrekningane langs traseen.

#### TRASEEN FRÅ BERGEN SENTRUM TIL FYLLINGSDALEN

Bybanen Sentrum – Fyllingsdalen vert ei ca. 10 km langt strekning. Om lag halve strekninga kjem i tunnel, den lengste gjennom Løvstakken. Traseen går gjennom mange urbane område, og mange område som er i endring. Eit gjennomgåande landskapstrekk er sokalla blå kvalitetar, det vil seie nærvær av vatn i ei eller anna form. Reguleringsplanen har ambisjonar om fortetting og utvikling av store deler av strekninga. Frå endehaldeplassen Fyllingsdalen legg ein til rette for vidare utbygging mot vest.

#### KAIGATEN

Endehaldeplass i Bergen sentrum vil ligge i Kaigaten, ved Gulating lagmannsrett. Kaigaten ligg som del av det urbane sentrum i Bergens klassiske byplan, med Lille Lungegårdsvann, Byparken og gatenes aksesystem som hovedelement. Gata er forbeholdt kollektivtrafikk. Det er fleire viktige offentlige institusjonar rett ved, t.d. Rådhuset. På plassen mellom Bybanestoppet og Gulating lagmannsrett, står skulpturen *Blindfold* av Marte Jonslien.

#### LUNGEGLÅRDSKAIEN

Lungegårdskaien ligg i eit framtidig byutviklingsområde for utviding av sentrum mot sør. Området er eit viktig kollektivknutepunkt, og er i dag sterkt prega av infrastrukturen. I nærliken er bussterminal, jernbane, godsterminal, parkeringshus og E39 i bru mot Åsane. Det er her dei to byanelinjene skil lag. Byrådet i Bergen har hausten 2017 lagt fram ein områdereguleringsplan for dette området, som skal skape tettare samband mellom sentrum og Nygårdstangen, etablere samband mellom Lille og Store Lungegårdsvann, meir menneskevennlege byrom og passasjer, og starte ein prosess med å bygge ned trafikkarrierane. På sikt er planen at godsterminalen skal flyttast ut av Bergen sentrum og at også dette området skal utviklast med bustad og næring.

Frå Lungegårdskaien vil Bybanen gå langs Store Lungegårdsvann. Her er i dag ein naturliknande park med enkelt opparbeida stiar og sitteplassar. Bybanetraseen skal gå på grunnen til noverande park, mens ny park vert etablert på fylling i vatnet. Det er og planlagt ei bystrand. Bergen kommune arbeider i samarbeid med Galleri s.e og private støttespelarar med ei skulpturløye rundt vatnet.

*Regnhytten* av Martin Borchert, som i dag står nær framtidige Møllendal bybanestopp, vert ein del av denne, med noko justert plassering.

#### MØLLENDAL

Møllendal ligg i enden av parken langs Store Lungegårdsvann, og er ei overgangssone frå parkområde til busetnad. Fjellsida er prega av frittståande bustader med eldre hagekultur. Langs Møllendalselven er større bygg som det nyåpna Fakultet for kunst, musikk og design (UiB), mindre blokkar og pågående urbanisering. Møllendal gravplass med sine to livssynsnøytrale kapell er og rett ved. Haldeplassen vil ligge i botnen av den terrasserte fjellsida som strekk seg frå Store Lungegårdsvann og til foten av Ulriken. Det vert ei utfordring å handtere tilførslevegar for ulike brukargrupper frå området ovanfor til nedre nivå og/eller vidare mot sentrum / Haukeland. Antikvariske myndigheter er opptekne av at visuelt samband til Alrekstad over Møllendal ikkje vert brote. Som kongssete var

Alrekstad eit viktig utgangspunkt for byutviklinga i Bergen. Årstadgeilen som går frå Alrek til Store Lungegårdsvann er det eldste gateløpet i Bergen.

#### HAUKELAND

Mellan Møllendal og Kronstad vil Bybanen gå i tunnel, med eit underjordisk stopp på Haukeland, 30 m under bakken. Stoppet vil ha to utgangar, mot sør og mot nord. Frå nord, ved Haraldsplass sjukehus, vert det ein gangtunnel på 2-300 m fram mot bybanehallen, mens det frå sør, ved Haukeland sjukehus, skal byggast ei djup transportsjakt med rulletrappar og heis. Ein reknar med om lag 14 500 daglege brukarar av dette stoppet. Over bakken er området prega av frittståande bustader og store offentlege institusjonar, først og fremst Haukeland universitetssjukehus og Haraldsplass sjukehus. Møllendal gravplass grenser mot Haukelandsvegen, og er eit stort grøntområde i bydelen.

#### KRONSTAD

Området er i dag prega av depotet for Bybanen. Framtidig situasjon vil bli meir prega av Høgskulen på Vestlandet og etablering av studentbustader med diverse sørvestilbod. Rundt området er fleire mindre bustadkompleks, og tydelege spor etter Kronstad jernbanestasjon, som låg i området fram til nedlegginga i 1965. Den gamle stasjonsbygnaden står der framleis, og jernbanepreget i området skal skal takast vare på. Kronstad vert eit viktig kollektivknutepunkt der skiftet mellom dei to bybanelinjene skjer. Haldeplassen for linje 2 vert liggande lågt i terrenget, på austsida av Inndalsveien, der linje 1 går. Derifrå vil den krysse under Inndalsveien med kurs vidare mot Mindemyren<sup>1</sup>. Målet er å bygga eit heilskapleg byrom med gode kvalitetar for overgang mellom haldeplassens øvre og nedre nivå.

#### KANALVEIEN

Området er i dag industriprega, med småproduksjon, lager og større forretningar (bil, møbel osv.). Solheimsvannet er ein nærliggande park, men er lite synleg frå sjølve Kanalvegen. Det er planer for ein omfattande transformasjon av området til ein urban bydel med kontor, næring og bustader. I samband med Bybaneutbygginga skal ein reetablera ein kanal mellom Solheimsvannet og Kristianborgvannet. Dette er m.a. eit ledd i handtering av overvatn og endra klima.

#### KRISTIANBORG

Haldeplassen på Kristianborg vert byttepunkt mellom bane og buss, og skal delvis ligge under ny bru i Fjøsangervegen (E39). Det skal etablerast gode overgangar mellom Bybanestoppet og busshaldeplassar på begge sider opp i Fjøsangervegen. Samstundes vert dette ledd i eit nytt tverrsamband mellom bustadområda på vestsida og området aust for E39. Bybaneutbygginga har som mål å etablera ein grøn allmenning frå den frodige fjellsida til ei transformert Mindemyren med nyopna kanal. Dette skal opna for friare ferdsel for gåande og syklande og gjera Mindemyren meir attraktiv for ny næring og bustadbygging. Å etablere gode kvalitetar for dei reisande på haldeplassen under Fjøsangerveien, er ei utfordring.

---

<sup>1</sup> Mindemyren er fellesnevning for området frå Kristianborg og nordover langs Kanalvegen til Fabrikkgaten.

## FYLLINGSDALEN TERMINAL

Frå Kristianborg skal Bybanen gå i tunnel til Fyllingsdalen. Parallelt med Bybanens løp gjennom fjellet, vert det bygd ein gang- og sykkeltunnel som også skal fungere som rømmingsveg for Bybanen. Frå tunnelpåhogget vert Bybanen rampa opp på betongkonstruksjon over Hjalmar Brantings vei og vil ha haldeplass sør for Oasen bydelsenter, nær bussterminal. Fyllingsdalen er Bergens eldste drabantby, etablert etter 1955 i det som til då var ei jordbruksbygd med samanhengande skog- og dyrkingsareal. Bydelen har i dag om lag 30 000 innbyggjarar. Folketalet i bydelen har vore stabilt gjennom mange år. Den lavliggende delen av Fyllingsdalen er prega av spreidde blokker, skuler og næring, innimellan grøne soner. Oppetter dei grøne dalsidene er det nyare utbygging av terrasseblokker og rekkehus. Oasen kjøpesenter med tilhøyrande infrastruktur dominerer området banen skal gå gjennom. Det er planlagt omfattande utvikling av området sør for bybanetraséen.

## SPELHAUGEN

Frå Fyllingsdalen terminal skal Bybanen krysse Folke Bernadottes vei på bru og fortsette inn i tunnel ved Ørnahaugen mot Spelhaugen. Spelhaugen er ein dal mellom to skogkledd toppar, prega av store verksemder. Der er i dag mange store opne parkeringsplassar. Haldeplassen vil ligge i eit framtidig nærings- og bustadområde og dannar eit sentralt torg i dalbotnen. Det vert lagt til rette for at Bybanen på sikt kan gå vidare vestover mot Loddefjord og Storavatnet terminal.

## 5. BRUKARAR OG NÆRMILJØ

I det daglege er Bybanen ein møteplass for menneske med svært ulik bakgrunn. I 2016 hadde Bybanen til Flesland om lag 80 000 reisande på kvar dag. Dette er menneske i alle aldrar; fastbuande langs traseen, arbeidstakarar på ulike lokalitetar, studentar på Høgskulen på Vestlandet og turistar på veg til eller frå Flesland. Banen har universell utforming, og er enkel å bruka for alle.

Linje 2 til Fyllingsdalen er berekna å få rundt 80-90 000<sup>2</sup> daglege reisande. Den største stoppestaden vil vere Haukeland, med omlag 15 000 reisande dagleg, av dei mange tilsette og besøkande til dei to sjukehusa i området. Området Kronstad-Minde, med sine 3 haldeplassar (Kronstad, Kanalvegen og Kristianborg), vil bli eit tyngdepunkt, med rundt 40 000 reisande. Ved dei to stoppa i Fyllingsdalen er venta om lag 26 000 daglege reisande, langt dei fleste ved Fyllingsdalen terminal.

Byutviklinga i kjølvatnet av Bybaneutbygginga fører dels til endra demografi i dei ulike bydelane. Dei nye bustadene er ofte relativt høge i pris, og etablerte vaksne med middels eller høgare inntekter vil ofte dominere blant tilflyttarane. I nokre av områda langs traseen til Fyllingsdalen, særleg Mindemyren og Fyllingsdalen, kan ein vente vesentlege endringar i høve til i dag. På Minde frå industri til bustader, i Fyllingsdalen som fortetting av opne område. På lengre sikt er det venta større bustad- og næringsutvikling og i Spelhaugen.

<sup>2</sup> Tala er basert på Cowi A/S sin rapport Passagertal for Fyllingsdalsbanen, eit vedlegg til reguleringsplanen for linje 2. Anslaga er gjort for år 2040, og er difor ikkje sikre. Tala er justerte med eit påslag på 15%, grunna korrigerte passasjertellingar på Bybanen, linje 1. «Reisande» tyder både av-og påstigande passasjerar.

## 6. KUNSTKOMITEENS VURDERINGAR OG VAL

Kunstkomiteen for byggetrinn 4 legg til grunn den overordna visjonen for kunst til Bybanen slik den var formulert i samband med dei tidligare byggetrinna. Samstundes gjev erfaringane til no behov for justeringar og tydeliggjering av nokre aspekt. Vi ser korleis Bybanen endrar Bergen. På kva måte kan eller skal kunsten ha ei rolle no og i framtida? Denne problemstillinga må ha ein meir sentral plass i utviklinga av og diskusjonane rundt dei ulike prosjekta.

Dei overordna føringane for kunstkomiteens arbeid kan samanfattast slik:

- Kunsten skal vere på høgt kunstnarleg nivå
- Kunsten har eigenverdi og skal gjevast plass i kraft av det
- Kunsten skal vere medviten konteksten den vert ein del av
- Kunsten tar plass i våre felles rom og skal tilhøyre alle
- Kunstprosjektet skal gjennomførast i ein open, inkluderande og transparent prosess

### KONKRETISERINGAR

- Kunstkomiteen vil prioritere permanente prosjekt av høg kunstnarleg kvalitet. Bybanen er eit langsigkt utviklingsprosjekt, og det er viktig at kunsten og kommer framtidige innbyggjarar til gode.
- Kunstkomiteen vil prioritere prosjekt i område som står framfor større sosiale og strukturelle endringar grunna Bybanen.
- Kunstkomiteen vil arbeida for å gjera reisopplevelinga betre og rikare for flest mogleg, gjennom ei viss spreiing av prosjekt langs traseen.

Det er viktig å arbeida med mål om å gjere kunstprosjekta relevante og verdsette for både dei nære brukarane og allmenta. I det ligg ein ambisjon om at verka evner å gå i dialog med sine omgjevnader, no og i ei tenkt framtid. Kunsten må så langt ein rår med det ha kvalitetar som gjer at den ikkje vert raskt utdatert, verken når det gjeld innhald eller teknisk og handverksmessig kvalitet. I høve der nyare teknologi vert nytta, skal ein ha som mål at prosjekta vert driftssikre og kan ha lang levetid.

Når kunstnarane skal utvikle kunstnarlege prosjekt i samband med Bybanen, må dei ha kjensleevne i høve til den offentlegheit kunsten vert ein del av. Oppgåva er basert på tillit. Kunstnarane skal ha fagleg integritet og eit medvite og reflektert tilhøve til arbeidet sitt og kor dei står i høve til kunstnarlege diskusjonar i vår tid. Komiteen søker kunstnarar som kan syna til gjennomføringsevne og forståing for alle aspekt ved å arbeide i offentlege rom. Det er eit ønske å involvere kunstnarar på eit tidleg tidspunkt, før for mange forhold er lukka og låste.

I høve der kunstprosjektet er ledd i utviklinga av eit område, ønsker kunstkomiteen å få til eit samspel med brukarar og nærmiljø. Her kan ein mellom anna trekke vekslar på Hordaland fylkeskommunes sitt arbeid med kunst til Nye Åsane vgs. med kulturhus, og på Bergen kommunes / Bybanen Utbygging sin bruk av opne folkemøte i samband med reguleringsarbeidet.

## METODE FOR VAL AV KUNSTNARAR

For å ikkje kome på etterskot i høve til prosjekteringa, utlyste Hordaland Fylkeskommune allereie hausten 2017 ei ope prekvalifisering for kunstprosjekta til byggetrinn 4. 57 kunstnarar / kunstnargrupper melde seg innan fristen 20. oktober 2017. Sidan kunstplan på det tidspunktet ikkje var klar, søkte ein på generell basis etter kunstnarar med interesse for å arbeida med kunst til Bybanen. Målet er å finne kandidatar til lukka konkurranse(r) eller direkte oppdrag, i eit spenn frå komplekse integrerte prosjekt til enklare verk, langs trasé eller på haldeplassar. Kunstkomiteen har rett til og å velje kunstnarar som ikkje har meld seg i prekvalifiseringa.

## AKTUELLE OMRÅDE

### FYLLINGSDALEN

Kunstkomiteen for Bybanen ser Fyllingsdalen som eit svært viktig område. Fyllingsdalen<sup>3</sup> skil seg frå dei andre områda langs traseen ved at det er ein heilskapleg bydel som etter tiårs stabilitet no står framfor store endringar, både sosialt og strukturelt. Bydelen er framfor alt heimen til drygt 30 000 innbyggjarar, men huser og store verksemder, særleg innan finans.

Pr. januar 2018 er vesentlege forhold knytt til utforminga av terminalområdet ved Oasen lagt på vent, grunna pålagde kostnadskutt og fordi Bergen kommunes områdeplan for Fyllingsdalen enno ikkje ligg føre. Bybanen Utbygging vil difor avgrense bygginga til eit minimum, og det fysiske handlingsrommet for eit kunstprosjekt ser ut til å vere lite. Kunstkomiteen vil diskutere struktur og innhald for eit mogleg kunstprosjekt når situasjonen er meir mogen.

### KRISTIANBORG

Kunstkomiteen ser situasjonen på Kristianborg som interessant for eit kunstprosjekt, med krevjande haldeplass under E39, og bygging av samanbindande allmenning frå Løvstakksida ned til Mindemyren. Også i dette høve er det tale om store framtidige endringar. Mindemyren har til no vore eit reint næringsområde, liggande mellom eldre bustadområder på begge sider. No skal mange av dei store næringsaktørane flyttast ut av byen og området transformera radikalt. Kristianborg har i kommunens nye arealplan status som sentrumskjerne. Kristianborg er og interessant grunna si plassering i traseen, som eit nytt bindeledd til Fyllingsdalen både for Bybanereisande, gåande og syklande.

### HAUKELAND

Haukeland vert eit av traseens største stopp, sett i lys av tal på daglege brukarar. Stoppestaden skil seg og frå dei andre ved at innbyggjarar frå alle bydelar er trulege brukarar, med ærend til dei to store sjukehusa eller gravplassen like ved. **Haukeland står og i ei særstilling fordi stoppet er under jorda, med store og utfordrande arkitektoniske rom.**

### ANDRE

---

<sup>3</sup> Den administrative eininga Fyllingsdalen bydel omfattar i dag og Bønes, på austsida av Løvstakken. I denne samanhengen nyttar me namnet Fyllingsdalen på det geografiske og historiske området Fyllingsdalen, dvs. den grøne dalen vest for Løvstakken. Bønes blei innlemma i Fyllingsdalen bydel i år 2000.

Både Kronstad og andre punkt langs traseen kan vere aktuelle område for mindre inngrep. Nokre stader, som t.d. i Møllendal og i sentrum, gjer andre kunstprosjekt like ved (skulpturløypa til Bergen kommune langs Lungegårdsvannet og kunstprosjekta ved Gulatings Lagmannsrett) at det er lite aktuelt for kunstkomiteen å prioritere dei. Andre stader kan ein kanskje bidra med noko interessant og viktig sjølv om midlane som nyttast relativt sett er små. **Det kan og vere aktuelt å arbeide for kunst i innvendig tak i bybanevognane, og gode lydspor til annonsering av stoppestadane.**

## 7. MILJØ OG SAMFUNNSANSVAR

Kunstprosjekta skal, så langt det er råd, gjennomførast med vekt på miljøvenlege løysingar og samfunnsansvarlege prosessar og produksjonar. Det vil seie at ein skal sjå til at innkjøp og produksjonsprosessar respekterer grunnleggjande menneskerettar, tilfredstillande arbeidsforhold og andre sosiale forhold. I samband med prosjekta skal det vurderast i kva grad kunstprosjektet eller delprosessar utgjer ei miljøbelastning og korleis omsyn til miljø og klima best kan ivaretakast. Desse forholda skal og vurderast i eit livssyklusperspektiv for kunsten. Drift og vedlikehald skal vurderast som ein integrert del av prosjektet, både når det gjeld miljøomsyn og andre konsekvensar. Høg kvalitet i alle ledd er eit mål. Desse verdiane er i samsvar med prinsippa Hordaland Fylkeskommunes legg til grunn i alle sine anskaffingar. Dei er og i tråd med Bybanen Utbygging sine ambisjonar i prosjektet «Grønnere bybanebygging»

## 8. FORMIDLING

God kunst lar seg møte og tolke på ulike vis. God formidling kan gje auka forståing og fleire perspektiv, og dermed gjere at dei reisande utviklar genuin interesse for kunsten dei møter. Det er viktig med informasjon og merksemd kring kunsten for at brukarane av Bybanen skal få eit eigarforhold til kunstverka. Undervegs i prosjektet, vil informasjon om kunstprogrammet si utvikling og framdrift bli lagt ut på Hordaland fylkeskommune sine heimesider, hordaland.no/bybanekunst. Her vil både publikum og kunstnarar finne utlysingar og utdjupande informasjon om delprosjekt og konkurransar. Større hendingar vil bli markerte på meir omfattande vis, gjennom annonseringar, presse, utstillingar og anna. Ved avslutning av prosjektet, kan det og være aktuelt mellom anna å laga ein faldar om kunsten, og å produsere videosnuttar til mediaskjermene på Bybanen.

## 9. EIGARSKAP OG FORVALTNING

### EIGARSKAP

Kunsten som vert resultat av Kunstplanen for byggetrinn 4 skal som hovudregel eigast og forvaltast av Hordaland Fylkeskommune. I nokre høve vil det kunne vere unnatak frå dette, som viss andre enn kunstprogrammet tek initiativ til og/eller betaler for prosjekta eller om prosjektet gjennomførast i randsona av Bybanetraseen, der andre er grunneigarar. I eit slikt høve vil eigar- og forvaltingstilhøva verte avtalt med grunneigar før igangsetjing.

### FORVALTNING

Hordaland fylkeskommune, ved kultur- og idrettsavdelinga, skal ha overordna forvaltningsansvar for kunsten. I samband med overtaking av verket frå kunstnar, vert det utarbeida eit dokumentasjonsskjema med all relevant informasjon om verket, kunstnars idé og intensjon, materialar

og produksjon, forventa vedlikehaldsbehov, kunstnars kontaktinfo mm. Det vert og tatt dokumentasjons- og formidlingsfoto av verket. Dokumentasjonsskjema er arkivert hos Hordaland fylkeskommune, og ligg til grunn for utarbeiding av ein forvaltnings, drifts- og vedlikehaldsplan (FDV-plan).

Bybanen AS er tildelt det daglege forvaltningsansvaret, med ansvar for rutinemessig tilsyn og vedlikehald av verka. I utarbeidingsa av FDV-planane skal det leggast vekt på å samordne vedlikehaldsprosessane for dei ulike verka, både med tanke på vedlikehaldsintervallar, metodar og hjelpemiddel, t.d. val av antigraffitimiddel. Ein skal arbeide for miljøvenlege, effektive og skånsame løysingar. Ved større skader eller uventa hendingar, skal Hordaland fylkeskommune, som eigar, kontaktast.

Kunst i offentlege rom er underlagt opphavsrettsleg vern etter åndsverkloven av 12. mai 1961.

## 10. KUNSTKOMITEEN

BYGGETRINN 4, BERGEN SENTRUM-FYLLINGSDALEN

Hilde Skjeggestad, kunstfagleg prosjektleiar.

Ronny Skaar, Hordaland fylkeskommune, Seksjon for kunst- og kulturformidling. Seksjonsleiar.

Tone Stedal Haugland, Hordaland fylkeskommune, Seksjon for kunst- og kulturformidling.

Seniorrådgjevar.

Elisabeth Vaule, Bergen kommune, Fagavdeling for kunst og kulturutvikling. Rådgjevar.

Sølvi Marie Myrseth, Bybanen Utbygging. Prosjekteringsleiar design.

Ingrid Haukeland, Bybanen Utbygging. Prosjekteringsleiar landskap.

Stein Dvergsnes, Bybanen AS. Teknisk sjef

Petra Rahm, Hordaland kunstsenter. Prosjektleder for kunst i offentlige rom.

Vara:

Marianne Ose Askvik, Hordaland fylkeskommune, Seksjon for kunst- og kulturformidling.

Spesialrådgjevar.

Anniko Gullestad, Bybanen Utbygging. Stabsleiar økonomi og administrasjon.

Kunstkomiteen med sin noverande samansetting held fram til alle kunstprosjekta er overleverte i 2022.